

ÅRSMELDING 2019



INNHALD

Dagleg leiar	4
Storanipa avløpsreinseanlegg ...	7
Utbyggingsprosjekt	10
Vassforsyning	18
Avløp	20
Renovasjon	22
Styrets rapport	26
Resultatrekneskap	31
Balanse	32
Kontantstrømoppstilling	34
Notar	35
Revisors beretning	48



EIT ÅR UTENOM DET VANLEGE

Først vil eg takke alle medarbeidarar for strålende innsats og stor forståing for fusjonsprosessen som la beslag på ein stor del av kapasiteten vår. Trass i uvisse om framtida har dei tilsette jobba og produsert tenester av god kvalitet på alle tenesteområde. Situasjonar som oppstod, blei handterte profesjonelt og effektivt.

Det blei lagt ned eit omfattande arbeid med nødvendige strukturar, rammer og system som skulle vere på plass før årsskiftet. Mykje er gjort, og noko står att til neste år. Dei tilsette i Sund VA flytta inn til Lonavegen ved årsskiftet, og frå 1. januar 2020 fungerer vi som eitt selskap i tråd med fellesnemnda sitt vedtak. To tilsette frå BIR kom også inn i selskapet då vi overtok gjenbruksstasjonen på Midtstegen.

Selskapet har lagt vekt på å «ta det beste frå dei tre», samstundes som det blei gitt signal om å «byggje noko nytt» i ØyVAR. Desse føringane har vore viktige i arbeidsprosessane for å finne ut korleis selskapet best kan organisere seg for å løyse oppgåvene.

Det var ulike gebyrforskrifter/regulativ i Sund, Fjell og Øygarden kommune både for vatn, avløp og slam. Vi har arbeidd mykje med å harmonisere både forskriftene og gebyrregulativa som gjeld frå 1. januar 2020. Samanslåinga medførte større endringar og var meir krevjande enn vi hadde sett for oss. Arbeidet omfatta alt frå ny nettside til større omleggingar av rutinar og styringssystem.

Det er fokus på gevinstar og positive effektar av samanslåinga, og vi ser effektar allereie. Samtidig er det forventningar om effektivisering av tenestene vi leverer, i form av anten høgare produktivitet eller auka kvalitet.

16. juni var ein svært viktig milestolpe for FjellVAR, då fellesnemnda vedtok å samle renovasjon i det nye ØyVAR. For heile organisasjonen var det viktig å få avklart korleis Øygarden kommune ønskte å organisere renovasjonstenestene.

Ei anna stor hending i 2019 var ferdigstilling av det nye avløpsreinsing-anlegget på Våge/Storanipa for å oppfylle nye krav til reinsing av avløp. Vi kom i mål akkurat før fristen til Fylkesmannen, som var 31.12.2019. Totalt skal 11 mindre avløpsanlegg leggjast ned og via overføringsleidingar kople seg til det nye anlegget på Storanipa.

2019 har vore eit aktivt år med utvikling innan alle tenesteområda våre. Eg vil takke alle kundar og samarbeidspartnarar for konstruktivt samarbeid.



Bjarne Ulvestad

Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar

STYRET 2019

Styret har i 2019 bestått av:
Ole Gerhard Fredheim, leiar av styret
Elna Nybakk, nestleiar
Eli Årdal Berland, styremedlem
Tonje Alsvåg, styremedlem
Reidun Brekke, styremedlem
Lars Oskar Lie, styremedlem
Cato Dahle, styremedlem

Det har vore sju styremøter og ett ekstraordinært styremøte.

BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad, dagleg leiar
Stig Hagenes, fagsjef vatn og avløp
Espen Elstad, fagsjef renovasjon

REVISJON

BDO AS
Postboks 2760 Møhlenpris
5836 Bergen




Miljøfyrtårn®

FjellVAR er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift.



FJELLVAR SINE ANLEGG 31.12.2019



STORANIPA AVLØPSREINSEANLEGG

Kapasitet og kvalitet



Heilt på slutten av året, rett før 31.12.2019 - som var fristen Fylkesmannen hadde sett - kunne vi ta i bruk det nye avløps-reinseanlegget på Storaniipa. Det har vore ein lang prosess frå kommunestyret i 2013 vedtok å plassere reinseanlegget på Vågo/Storaniipa, til vi klypte snora 4. desember 2019.

Prosjektet har hatt alle fasane eit slikt prosjekt skal ha, med både oppturar og nedturar. Det har vore krevjande, men ikkje minst spennande og lærerikt.

STORANIPA AVLØPSREINSEANLEGG



Ordfører Marianne Bjørøy opnar avløpsreinseanlegget på Storanipa til tonar frå Follesø mannskor.

I 2020 vil 13 000 personar vere tilkopa anlegget, medan kapasiteten til reinseanlegget er på totalt 50 000 personar. Fjell kommune søkte om unntak for krav om sekundærreinsing, og fekk på vilkår aksept for primærreinsing. Eit av vilkåra var at dersom det kjem pålegg om sekundærreinsing, vil kommunen ha ein frist på sju år på å få dette

i drift. Fjellhallen blei forlenga med 40 meter for å ta høgde for eit framtidig sekundærreinskrav.

Vi valde å hente inn tilbod basert på leverandørutviklingsprogrammet som blant anna KS og NHO har utvikla. Ideen bak innkjøpsprogrammet er å utnytte kunnskapen til leverandøren og fokusere på innovasjon ved å stille funksjonskrav. For å premiere kvalitet, innsatsfaktorar og arealeffektivitet gjekk vi vekk frå å evaluere anboda basert på pris til å ta utgangspunkt i årskostnader.

Reinseanlegget var budsjettert til 265 millionar kroner, og totalt med overføringsleidningar til 456 millionar kroner. Det var særleg gledeleg å sjå at vi kom i mål også økonomisk. Sjølvreinsing kom på 240 millionar kroner, og totalt med overføringsleidningar kring 420 millionar kroner.



Foto: Vaseith AS



Foto: Skanska




Frå anlegget før oppstart og undervegs i prosjektet.



Vi vil framheve det gode samarbeidet mellom byggherre, prosjekterande og leverandørar/entreprenørar som har prega prosjektet. Alle partar har vore løysingsorienterte og med stor fagkunnskap bidrege til at prosjektet har fått den kvaliteten vi ønskjer.


Den største spenninga var knytt til om reinseanlegget ville klare reinsekravet. I utleppsløyyvet var det stilt krav til fjerning av suspendert stoff (SS) og reduksjon av biologisk oksygenforbruk (BOF). Analysar frå prøveperioden syner gode resultat med god margin til reinsekrava.

ÅRSKOSTNADER




Lågere årskostnader enn anteke vil kome abonnentane til gode.

FJERNING AV SUSPENDERT STOFF



REDUKSJON AV BIOLOGISK OKSYGENFORBRUK





UTBYGGINGSPROSJEKT

Kommunestyret vedtok i møte 1. september 2011 ny kommunedelplan for vatn og avløp i Fjell kommune for perioden 2011-2022. Ein viktig del av denne planen er eit ambisiøst handlingsprogram for vidare utbygging av infrastruktur innanfor vatn og avløp.

Heile programmet omfattar investeringar for 905 millionar kroner, og svært mykje av dette er føresett gjennomført i løpet av dei kommande åra. Det vedtekte handlingsprogrammet er lagt ved i vedlegg 1.

Vidare blei det i kommunestyret den 28. november 2013 gjort vedtak om at det nye hovudavløpsreinsanlegget skal liggje i fjell (alt. F2B). Kostnaden ved nytt avløpsreinsanlegg i fjell ved Storanipa auka frå 293 millionar kroner til 456 millionar kroner samanlikna med handlingsprogrammet i kommunedelplanen for vatn og avløp.

Utbyggingskostnadene på dei prosjekta som er fullført er totalt sett i samsvar med kostnadane som ligg i handlingsprogram. Totalt er det bygd ut for 708 millionar kroner, og om lag 60 millionar kroner under investeringsramme i handlingsprogram.



Brattholmen, reinsanlegg bygd om til pumpestasjon.



PROSJEKT

Bygde og tekne i bruk

VASSLEIDNING TIL EIDE (BESTILT AV KOMMUNESTYRET)

Ny vassleidning til Eide, samarbeidsprosjekt med Franzefoss. Fullført i 2012.

PROSJEKT 1: HAGGARDVATN

Det er lagt til rette for å kunne ta i bruk Haggardvatn som krisevatn. Utført.

PROSJEKT 2: ENGESVATNET

Søknad om konsesjon for regulering av Engesvatn er godkjent på vilkår av NVE. Det er gjeve maksimal reguleringsstid på 10 år. Vilkåra er truleg for strenge til at det vil vere rett å starte ei oppdemming av vatnet.

PROSJEKT 3: DAM PÅ FJÆREIDE / OPPGRADERING AV EKSISTERANDE DAMMAR

Ny damsikkerhetsforskrift har medført at dammane må forsterkast. Bildevatn, Fjæreide, Signalvatn og Haggardvatn er oppgradert.

PROSJEKT 4: KØRELEN (UTGREIINGAR OG KONSESJONSSØKNAD)

Arbeidet har blitt utført saman med Sund kommune/ Sund VA. Konsesjon på regulering og uttak av vatn er gjeve av NVE.

PROSJEKT 5: BILDEBAKKEN VBA

Nytt vasshandsamingsanlegg på Bildebakken blei fullført i 2013 og er teke i bruk.

PROSJEKT 7: AVLØPSREINSEANLEGG VEST, MØVIK RA

Prosjektet omfattar nytt avløpsreinseanlegg for området Fjell-Ulveset-Møvik-Skålvik, med plassering ved kaien i Møvik. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 8, 9: NYTT HOVDREINSEANLEGG FOR AVLØP (STORANIPA)

Anlegget blei ferdigstilt i 2019.

PROSJEKT 11: VINDENES - SKÅRANE

I samband med etablering av fortau frå hovudvegen til Skårane/Vindenes blei det også lagt ned vassleidningar. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 12: SYLTØY, LOKØY OG FLOGØY

Prosjektet omfattar nye vassleidningar frå Møvik til Syltøy, Lokøy og Flogøy. Prosjektet omfattar òg utsleppsleidning frå Møvik. Arbeidet er fullført.

PROSJEKT 13: VINDENES GARD

Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 14: EKREN - NESE

Prosjektet blei fullført og teke i bruk i 2012.

PROSJEKT 15: MORLANDSTØ - ÅTTRINGEN - STRAUME

Sjøleidningen til Bildøyna og Åttringen er fullført. Ny pumpestasjon ved Åttringen blei teken i bruk sommaren 2016.



Smålonane pumpestasjon og ny gangveg gjennom dalen til Lonavegen.



Valen, reinseanlegg bygd om til pumpestasjon.

PROSJEKT 16: APALVÅGEN - SKÅLEVIK SKULE

Ny pumpestasjon i Apalvågen og ny leidning til skulen. Avløpet blir då ført vidare til nytt reinseanlegg på Møvik. Fullført.

PROSJEKT 17: BILDØYBAKKEN

Leidningane til høgdebassenget var for små og måtte skiftast ut. Fullført.

PROSJEKT 18: SAMANKOPLING VED ÅGOTNES

Arbeidet er fullført og tatt i bruk august 2013. Saman med ny vassleidning i Fjæreidepollen er no vassforsyningskapasitet monaleg auka i den nordre del av Fjell kommune.

PROSJEKT 20: HØGDEBASSENG PÅ BJØRØYNA

Fullført sommaren 2015.

PROSJEKT 21: FJÆREIDEPOLLEN

Ny vassleidning i Fjæreidepollen. Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 22: AVLØPSSANERING OG KAPASITETSAUKE I STRAUMEOMRÅDET

Ny avløpsleidning frå Sartor-området, tunnel til sjøfronten og vidare til Foldnes. I tillegg er pumpestasjonen på Straume oppgradert med nye pumper. Det blir utført opprydding av avløpssituasjonen på Straumsfjellet, og avløpsvatnet skal førast ned til ny pumpestasjon i Arefjord. Ny avløpsleidning er lagd i vegen mellom Arefjord og Storskaret i samarbeid med Statens vegvesen. Det er også lagt ny vassleidning i tunnelen mellom Sjøfronten og via sjakt og opptil Foldnesvegen.

PROSJEKT 23: AVLØPSSANERING PÅ KOLLTVEIT

Delar av arbeidet er fullført, blir delt inn i etappar.

PROSJEKT

Bygde og tekne i bruk



Misje - Tjuvika, ny vassleidning lagt i sjø.

PROSJEKT 24: SØRE BILDØYNA - STRAUME
Fullført 2019.

PROSJEKT 26: UTSLEPPSLEIDNING VÅGO
Prosjektet er ferdigstilt 2019.

PROSJEKT 27: KOLLTVEIT - NORDRE BILDØYNA - FOLDNES
Arbeidet er fullført.

PROSJEKT 28: BRATTHOLMEN - VALEN
Fullført 2019.



Angeltveitsjøen, slamavskiljar bygget om til pumpestasjon.

PROSJEKT 29: HØGDEBASSENG PÅ BURDALSFJELLET
Prosjektet er fullført.

PROSJEKT 30: MORLANDSTØ - KOLLTVEIT
Eksisterande avløpsreinseanlegg på Morland er teke ut av drift. Avløpet blir no ført til Kolltveit og vidare til Våge. Arbeidet er fullført.

PROSJEKT 33: AVLØPSSANERING PÅ KALLESTAD
Fullført i 2018.



Landrodalen.



Søre Bildøyna, ny pumpestasjon.

PROSJEKT 34: SOTRASAMBAND STRAUME - KNARREVIK
Arefjord - Storskaret, utført.

PROSJEKT U1: ANGELTVEITSJØEN
Anleggsarbeida byggetrinn 1 er fullført våren 2014. I første omgang vil ein føra avløpet ned til slamavskiller ved sjøen, som på sikt skal byggast om til pumpestasjon og leie avløpet til nytt hovudreinseanlegg på Ågotnes (byggetrinn 2). Pumpestasjon er under bygging.

PROSJEKT U4: SOLSVIKA - MISJE - TURØYNA
Vassleidning til Turøyna og Misje er fullført. Det er lagt vassleidning frå Misje til Tjuvvika (gamle Øygarden kommune) og fått samanhengande vassleidning mellom Fjæreide vassverk og Blomvåg vassverk.

PROSJEKT U4: MISJE - TJUVVIKA, OVERFØRINGSLEIDNING ØYGARDEN
Vassleidning til Tjuvvika, gamle Øygarden sikring av vassforsyning utført 2019, fullført.

PROSJEKT U6: SØRE BJORØYNA
Ny vassleidning til Søre Bjorøyna blei fullført i 2017.

PROSJEKT U7: DALE
Vassleidning ført fram til Dalseide. Det står att å føre fram leidning til Dale.

PROSJEKT U8: BJORØYNA - LIASKJÆRET
Prosjektet er fullført.

PROSJEKT U9: TRENGEREID - KALLESTAD
Vassleidning ført fram til Kallestad og Trengereid. Fullført i 2018.

PROSJEKT U12: BRATTHOLMEN - NYGÅRDSHØGDA
Delt inn i fleire etapper. Avløp frå Brattholmen skule og omkringliggjande bustader ført til Brattholmen, fullført 2019. Etappe 2 avhengig av nytt fortau.

PROSJEKT U14: GEITANGER
Ny vassleidning til Geitanger blei fullført i 2016.

PROSJEKT

Under bygging



Ågotnes avløpsreinsanlegg.

PROSJEKT 10: ÅGOTNES AVLØPSREINSEANLEGG

Underbygging, ferdigstilles august 2020.

PROSJEKT 25: TRENGEREID - FJELLSPOLLEN - BILDENUTEN
 Dette er hovudvassleidningen frå Kørilen til Bildenuten. Deler av leidningen vil bli lagt i samband med utbygging av Blommen/Kolltveit (Blommen - Kolltveit skule). Det er også lagt ned vassleidning frå Ekren til Dalseide/Trengereid.

PROSJEKT 32: LANDRODALEN

Under bygging.

PROSJEKT U13: AVLØPSANERING ÅGOTNES
 Arbeida pågår.

PROSJEKT

Under prosjektering

PROSJEKT 31: HJELTERYGGEN - KNARREVIK

Prosjektering Knarrevik pågår.

PROSJEKT: VASSLEIDNING TURØY

Prosjektering pågår.

PROSJEKT U3/U11: IDRETTSVEGEN - EBBESVIKA

Prosjektering fullført. Oppstart er avhengig av utbygger.

PROSJEKT U5: VASSLEIDNING TIL EKERHOVDA

Prosjektering pågår.

PROSJEKT U12: BRATTHOLMEN - NYGÅRDHØGDA

Prosjektering pågår.

PROSJEKT

Planlegging ikkje starta opp

PROSJEKT 6: KØRELEN VBA

Må sjåast i samband med kommunesamanslåing.

PROSJEKT 19: EBBESVIK - ØVRE SNEKKEVIK

Prosjektet er ikkje starta opp.

Sekkepostar

Det er i kommunedelplanen sett av ein årleg sum til diverse tiltak (rehabilitering/fornyng). Følgjande prosjekt er gjennomførte eller under planlegging:

VASSLEIDNING NORDVIK

I samband med legging av ny vassleidning til Ekren og Nese oppdaga ein at dimensjonen på Nordvik var for liten. Denne blei skifta ut i 2012. Totalkostnad 2,2 mill kr.

NY PUMPESTASJON FOR VATN, ÅGOTNES

For å sikre vassforsyning mot Solsvik - Misje er det etablert ny trykkøkningsstasjon ved Ågotnes.

VASSLEIDNING MISJE-ØYGARDEN

Ferdig i 2019.

VINDENES KAI - SKÅRANE

I samband med at kommunen starta med utbetring av også denne vegstrekninga nytta FjellVAR AS høve til å leggja nye vass- og avløpsleidningar. Arbeidet er fullført i 2013 med ein totalkostnad 1,5 mill. kr.

RESIPIENTGRANSKING

FjellVAR AS har gjennomført resipientgranskning i 2012, med ein kostnad på ca. 2,6 mill. kr. På bakgrunn av resultatet frå denne undersøkinga er det søkt om fritak for sekundærreinsing for det nye hovedavløpsreinsanlegget på Little Sotra.

SANERING AV AVLØP SOLSVIK OG NY VASSLEIDNING TIL SOLSVIK

Byggearbeidet er fullført og teke i bruk.



VATN



Vasskvalitet

I 2019 vart det teke 554 rutinemessige vassprøvar ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har ingen bakteriologiske avvik.

Lekkasje

Lekkasjen er no på omlag 15 %. Dette er 1 % ned i forhold til i fjor. I 2019 gjekk det mykje vatn til driftsrelaterte ting og utbygging. Det vere seg utspyling av vassleidningar i fleire omgangar og senking av store sjøleidningar.

Vassproduksjon

Ved årsslutt hadde vi 8566 kunder som vi har avtale med, alle inkludert.

Totalt vassforbruk frå Fjæreide, Bildøyfjellet og Kørelen vassverk:

	1 832 655 m ³
+	862 460 m ³
+	28 543 m ³
=	2 723 658 m ³

58 528 m³ mindre enn 2018.



Fjell trykkøkningsstasjon.

Bildøyvatnet dam.



AVLØP



Kvalitet

Alle avløpsanlegga blir rapporterte inn til Miljødirektoratet. Alle prøveparametrar er teoretisk utrekna, sidan anlegga ikkje er tilrettelagde for prøvetaking, med unntak av Møvik RA. Fylkesmannen har gitt dispensasjon til dette. Utrekninga viser at vi for alle slamavskiljarane ligg innanfor reinsekrava med god margin.

Brattholmen og Våge reinseanlegg har frå starten av året gått i overløp pga. ombygging og overføring til det nye anlegget på Storanipa.

Kapasitet

Slamavskiljaren i Mathopen på Ågotnes har blitt utnytta enda meir i løpet av 2019. Her er kapasiteten brukt opp. Vi er 210 pe over det anlegget er dimensjonert for. Dette kan få konsekvensar for nybygging fram til nytt reinseanlegg er på plass på Krekjebærneset. Ny plan for ferdigstilling av Krekjebærneset er sommaren 2020. Litt forseinka i forhold til planen i 2019.

Slamavskiljaren på Søre Bildøy har vore i drift i heile 2019 utan vesentlege endringar frå 2018. Anlegget skulle vore sanert i løpet av sommaren 2019. Men ombygging til pumpestasjon har teke litt lenger tid enn planlagt.

Slamavskiljaren på Vindenes ligg i grenseland når det gjeld utsleppsløype.

Dei andre slamavskiljarane har bra kapasitet.

Ca. 16 500 personar var ved utgangen av 2019 knytte til offentleg avløp.

Vi har levert ca. 635 tonn slam frå reinseanlegga våre, fordelt på 189 tonn frå silanlegga og 446 tonn frå slamavskiljarane. Dette er litt mindre enn i 2018. Det skuldast at Våge og Brattholmen har vore under ombygging og ute av drift.

Lekkasje

Arbeidet med kartlegging og tilstandsregistrering av innlekkasje av overvatn har gått føre seg også i 2019. Utbetringa i Storhilderen er ferdig. Arbeid ved Skorafjellet og langs fv. 209 på Foldnes er i gang. Dette er svært viktig for å redusere energiforbruket og auke kapasiteten i åra framover. Fylkesmannen stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetringar.

Slam

Innsamling, transport og mottak av slam var ute på anbod i januar 2016. Johnny Birkeland Transport AS fekk jobben, same firma som førre periode. Avtalen gjeld i fire år, frå juni 2016. Avtalen omfattar tømning av både private og offentlege slamavskiljarar samt silanlegg. Avtalen er inne i det siste opsjonsåret og går ut 30. juni 2020.

Ca. 2 400 private slamavskiljarar blir tømde i løpet av ein toårsperiode, noko som er ein normal tømmeffrekvens for slike tankar. I 2019 har vi tømt 1 100 private tankar, 11 kommunale tankar og 3 silanlegg. Dette er fordelt på 850 tonn frå private tankar, 446 tonn frå kommunale tankar og 189 tonn frå silanlegg. Totalt 1 480 tonn.



RENOVASJON



Strandrydding på Uglo ved Sandøyna, frå opptak av informasjonsfilm.

I 2019 vedtok fellesnemnda for den nye storkommunen at ØyVAR ikkje berre skulle ha ansvar for vatn og avløp, men også skulle stå for renovasjon i nye Øygarden kommune. Andre halvår av 2019 har i stor grad vore brukt til å førebu seg til dette. Ein stor auke i tal abonnentar og ein enda større auke i geografisk område medfører store endringar i måten vi må renovere på viss vi skal kunne gi eit godt tilbod og jobbe for å nå dei nasjonale målsetjingane for bransjen vår. Avfall er ressursar på avvegar, og nasjonalt er det vedteke vesentleg større materialgjenvinning for at vi skal nå klimamåla våre. For ØyVAR betyr dette at vi må leggje enda betre til rette for kjeldesortering og spreie kunnskap om og kompetanse på verdien av å sortere avfall.

Tømmedag på Tuena, Haganes.

Våren 2019 var det stort trykk på strandrydding. Godt vær gjorde det mogeleg for mange å delta på ryddeaksjonar. Trass i stor aktivitet blei det samla inn færre kilo marint avfall enn tidlegare år. Det viser at all ryddinga dei siste åra har hatt effekt. Fleire har adoptert strender. Sotra Rotary Klubb har adoptert ei strand på Turøy (Balsvågen), og FjellVAR henta sjølvsagt inn det som blei samla inn i sekkar. Det er positivt at fleire tek ansvar for å rydde utvalde område i kommunen vår.

Vi renoverer stadig fleire turløyper for kommunen og har sett ut innsamlingsløysingar i parken på Sjøfronten og ved turløypa rundt Kvernvatnet på Ågotnes. Fleire andre løysingar har blitt oppgraderte, til dømes i idrettsparken på Straume og på turvegen frå Hjelteryggen til Foldnes.



Miljøpunkt Tjeldstø.

I februar 2019 opna vi Miljøpunktet på Tjeldstø. Føremålet er å gi innbyggjarane nord i kommunen tilbod om å levere blant anna farleg avfall og EE-avfall på eit betjent mottak. I løpet av det første året har vi hatt eit snitt på 19 besøkande kvar onsdag.

Gjenbruksdagen i Øygarden Næringspark i mai var ein suksess, med over 100 tonn innsamla avfall. Mange nytta sjansen til å tømme løer og naust denne dagen, og til tider var det kø heilt ut på hovudvegen.

Stadig fleire hyttelag og område spør etter tilrettelegging for meir kjeldesortering. I løpet av året har fleire av desse fått egne behaldarar for papir. Så langt har vi prioritert dei områda som har ønskt meir sortering.



Gjenbruksdag i Øygarden Næringspark, Kollsnes.



Adrian Landro til teneste på gjenbruksstasjonen på Straume.

FjellVAR har teke samfunnsansvar ved å delta på ulike arenaer i Fjell-samfunnet. Vi har mellom anna eit godt samarbeid med NAV, Trigger og andre verksemdar om arbeidstrening. I FjellVAR fekk deltakarar i 2019 arbeidstrening knytt til drift av gjenbruksstasjonen.



STYRETS RAPPORT

Verksemda

Fjell vatn, avløp og renovasjon AS (FjellVAR) endra namn til ØyVAR AS (ØyVAR) etter godkjenning av namneendring på selskapet si ekstraordinære generalforsamling den 7. januar 2020.

Selskapet blei stifta i 2003 og driv verksemd i Fjell kommune. Selskapets vedtektsfesta føremål er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i Fjell kommune samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Selskapet skal finansiere verksemda si etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv selskapet med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av næringsavfall følgjer ikkje sjølvkostprinsippet, men vanlege marknadsmessige vilkår.

Eigar

Fjell kommune eig 100 % av aksjane i selskapet. Det skal ikkje betalast utbytte til eigarane.

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2019

4. desember 2019 tok ØyVAR i bruk det nye reinseanlegget på Storanipa/Våge, og kom dermed i mål før fristen, som var 31. desember 2019. Totalt ti avløpsreinseanlegg vil bli sanerte og erstatta av reinse-

anlegget. Avløp frå Hjelteryggen og Knarrevik vil bli ført til reinseanlegget i 2020.

Nytt avløpsreinseanlegg på Ågotnes/Krekjebærneset er også under bygging, og vi forventar at det vil bli teke i bruk i august 2020.

I samband med konkursen til RenoNorden blei ØyVAR påført eit økonomisk tap som er meldt inn til konkursbuet. For å sikre kravet vårt har ØyVAR gjort ei motrekning. Bustyret er ikkje samd i at ØyVAR har rett til å motrekne.

Investeringar

I løpet av 2019 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 166 millionar kroner (MNOK).

Fleire prosjekt er tekne i bruk i 2019 eller er under bygging ved utgangen av 2019:

- avløpsreinseanlegg på Storanipa
- avløpspumpestasjon på Søre Bildøyna
- avløpsleidning frå Valen til Arefjord
- avløpsleidning og ny pumpestasjon på Brattholmen
- ny avløpspumpestasjon på Valen
- ny avløpspumpestasjon i Lonavegen
- vassleidning Misje, gamle Øygarden kommune

Prosjekt som er under bygging:

- vassleidning i Landrodalen (Landro - Vindenes)
- avløpsreinseanlegg på Krekjebærneset (Ågotnes)

Forskning og utvikling

Selskapet driv ikkje med eige forskings- og utviklingsarbeid, men gir generell FoU-støtte via medlemskapet i Norsk Vann og Avfall Norge.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret i selskapet har sju medlemmar, fire kvinner og tre menn. Totalt er det 33 tilsette: 3 kvinner og 30 menn. Ved rekruttering til styre, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er.

Verksemda har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidstilhøve. Det totale sjukefråværet i 2019 var 2,0 % (2018: 3,7 %), og av dette var korttidsfråværet på 0,8 % (2018: 1,5 %). ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråværet og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Aktimed.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

Tiltak for å hindre diskriminering mv.

Selskapet arbeider aktivt for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn. For å bidra til dette har selskapet blant anna rutinar for rekruttering, der underrepresenterte grupper blir oppmoda til å søkje.

Samfunn

Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre.

Noko av det vi gjer for å sikre oss ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er å jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og HMT
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd

Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. Selskapet fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat.

Selskapet er godt i gang med sanering av 13 avløpsreinseanlegg som skal erstattast med tre større anlegg med betre reinsing. Først ute var Møvik avløpsreinseanlegg, som hadde sitt første heile driftsår i 2013.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnett og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane



fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Selskapet har dei siste åra derfor prioritert tiltak som reduserer innlekning til leidningane.

Selskapet er sertifisert som miljøfyrtårnbedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet.

Selskapet har hatt eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall.

Selskapets stilling og resultatet av verksemda

Selskapet hadde i 2019 samla driftsinntekter på 124,7 MNOK. Dette inkluderer 24,3 MNOK som gjeld Øygarden kommune og Sund VA i samband med kommunesamanslåing. ØyVAR fakturerer Øygarden kommune og Sund VA for alle kostnader, slik at resultateffekten i rekneskapen på dette er kr 0. Av dei samla driftsinntektene på 100,4 MNOK som gjeld Fjell kommune, utgjør offentlege gebyrinntekter for VAR-tenestene 95,3 MNOK. Det er ein nedgang på 16 % frå 2018. Nedgangen i gebyrinntekter skuldast at vi i 4. kvartal 2019 gjorde ei tilbakebetaling av sjølvkostfondet for vatn og avløp på 19,2 MNOK.

Samla driftskostnader var på 120 MNOK. Av dette utgjorde avskrivning av driftsmiddel 18,7 MNOK. Netto finanskostnader var på 18 MNOK. Av dette utgjorde renter på lån 21 MNOK. Selskapet har kommunal garanti (sjølvskuldarnarkausjon) for låna.

Året er gjort opp med eit underskot før skatt på 13,3 MNOK.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 14,1 MNOK i 2019 mot 12,7 MNOK i 2018. Pr. 31.12.19 har selskapet ein total kapital på 945,7 MNOK, og av dette er 45,4 MNOK kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitaldel på 1,5 % og ein positiv arbeidskapital på 148,7 MNOK.

Selskapet har opparbeidd seg overskotsfond for vatn, avløp og renovasjon. Dette skal etter sjølvkostprinsippet reduserast dei nærmaste åra og er å rekne som abonnentane sine midlar.

Koronasisituasjonen i 2020 inneber etter styret si oppfatning ikkje ein stor finansiell eller likviditetsmessig risiko for selskapet. I 2020 har selskapet måtta omorganisere noko for å tilpasse seg situasjonen. Gebyrinntektene blir truleg reduserte som følgje av lågare aktivitet hos næringskundane. Vidare kan vi vente oss at kredittida på kundefordringane vil auke. Sidan offentlege gebyr er sikra med legalpant, vil koronasisituasjonen vere ei hending etter balanse dagen utan verknad på rekneskapen for 2019.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av selskapets resultat eller stilling.

Etter styrets oppfatning gir den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Finansiell risiko

Selskapet har relativt store lån. Store investeringar i ny infrastruktur vil auke gjelda i tida framover. Styret i ØyVAR AS har lagt vekt på å unngå risiko, og selskapet har derfor sikra delar av låna mot rentesvingingar ved bruk av rentesikringsinstrument med spreiding i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall. Utover dette ser ikkje styret at selskapet har større finansiell risiko.

Likviditetsmessig risiko

Selskapet hadde ved utgangen av 2019 meir enn 171 MNOK i bank, noko som sikrar god likviditet i starten på 2020. Risikoen er vurdert som låg for selskapet.

Vidare drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for framleis drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapen for 2019.

Økonomisk resultat og styrets framlegg til disponering

Selskapets økonomiske resultat før skatt for 2019 blei eit underskot på kr 13 275 633, mot eit budsjettert underskot på 10,4 MNOK. ØyVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren. Styret vil gjere framlegg om at underskotet i 2019 blir lagt til sjølvkostfond og eigenkapital. Den opptente eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på kr 4 514 225. Netto bokført eigenkapital er kr 14 514 225 pr. 31. 12. 2019.

Vegen vidare

Fjell kommune har hatt stor auke i folketalet heilt sidan ein fekk brusamband til Bergen på 1970-talet. I september 2011 vedtok kommunestyret ny kommunedelplan for vatn og avløp i perioden 2011-2022. Målet med planen var mellom anna å kartleggje dagens situasjon og kva tiltak som må gjennomførast før vassforsyninga og avløpsanlegga tilfredsstillar forskriftskrava. Sjølv om det er stor usikkerheit knytt til utviklinga i folketalet framover, vil ein moderat auke i folketalet krevje investeringar i ny infrastruktur.

Vi har sett i verk ei rekkje tiltak for å styrkje vassforsyninga og føre fram vatn til grender som ikkje har hatt offentleg vassforsyning. Totalt har vi investert kring 300 MNOK i vassforsyning.

Endringar i forureiningsforskrifta har medført ei innskjerping av reinsekrava i sentrale delar av kommunen, og det vil krevje store investeringar i nye reinseanlegg for avløp med tilhøyrande leidningsnett. Førebels kostnadsoverslag syner at ein må investere nærmare 500 MNOK for å støtte desse forskriftskrava.

Det er i perioden 2009-2019 lagt ned eit betydeleg arbeid i å redusere energikostnadene. Innan vassforsyninga har ein redusert energiforbruket med om lag 50 % i perioden. Det er også starta opp arbeid med kartlegging av overvatn som blir leia til avløpsleidningane. Innlekning av overvatn til avløpsnettet fører til at det ikkje er kapasitet til å ta imot tiltenkt mengde med avløp.


Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å takke alle tilsette for positiv vilje og arbeidsinnsats i året som gjekk. Motiverte og endringsvillige medarbeidarar er avgjerande for den vidare utviklinga av ØyVAR AS som samfunnsaktør og miljøbedrift.

Styret i Fjell vatn, avløp og renovasjon AS
Straume, 27. april 2020



Ole Gerhård Fredheim
Styreleiar



Elna Nybakk
Nestleiar



Lars Oskar Lie
Styremedlem



Cato Dahle
Styremedlem



Eli Årdal Berland
Styremedlem



Reidun Irene Brekke
Styremedlem



Tonje Tangen Alvsvåg
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar



RESULTATREKNESKAP 2019



	Note	2019	2018
DRIFTSINNTEKTER			
Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr	5	95 328 407	113 515 785
Andre driftsinntekter	5	29 342 786	20 822 828
Sum driftsinntekter		124 671 193	134 338 614
DRIFTSKOSTNADER			
Varekostnader	5	29 224 609	27 074 577
Lønskostnader	3, 4, 5	26 581 546	24 096 674
Avskrivning	5, 6	18 693 933	18 183 186
Nedskrivning	5, 6	-	304 447
Andre driftskostnader	3, 5, 9	45 451 135	35 648 454
Sum driftskostnader		119 951 223	105 307 337
Driftsresultat		4 719 970	29 031 276
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Andre renteinntekter		3 044 598	1 763 774
Andre finansinntekter		2 716	2 766
Andre rentekostnader	7, 9	21 008 299	17 673 273
Andre finanskostnader		21 808	2 000
Netto finans	5	-17 982 793	-15 908 734
Ordinært resultat før skattekostnad	5	-13 262 823	13 122 543
Skattekostnad på ordinært resultat	12	12 810	338 874
Årsresultat		-13 275 633	12 783 668
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overføring til/frå annan eigenkapital	13	68 543	1 115 347
Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond	15	-13 344 176	11 673 321
Sum overføringar		-13 275 633	12 788 668



BALANSE

Anleggsmiddel	Note	2019	2018
IMMATERIELLE EIGNELUTAR			
Heimeside	6	49 340	-
Sum immaterielle eignelutar		49 340	-
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6	4 974 834	4 543 499
Anlegg i drift	6, 8	682 492 226	427 622 715
Driftslausøyre, inventar, verkøy, kontormaskinar ol.	6, 8	4 352 348	2 727 307
Anlegg under utbygging	6	59 025 198	168 732 053
Sum varige driftsmiddel		750 844 606	603 625 575
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investering i dotterselskap	16	30 000	-
Innskot KLP	4	628 806	566 067
Sum finansielle anleggsmiddel		658 806	566 067
Sum anleggsmiddel		751 552 752	604 191 642
Omløpsmiddel			
Varer		353 304	17 993
FORDRINGAR			
Kundefordringar	9, 10	15 113 267	14 520 263
Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar		7 364 346	271 289
Sum fordringar		22 477 613	14 791 551
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	171 335 245	166 892 098
Sum omløpsmiddel		194 166 162	181 701 642
Sum eignelutar		945 718 914	785 893 284

Eigenkapital	Note	2019	2018
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	13, 14	10 000 000	10 000 000
Sum innskoten eigenkapital		10 000 000	10 000 000
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	13	4 514 225	4 445 682
Sum opptent eigenkapital		4 514 225	4 445 682
Sum eigenkapital		14 514 225	14 445 682
Gjeld			
AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR			
Pensjonshefte	4	7 662 668	7 241 714
Sjølvkostfond	15	28 237 515	41 581 690
Sum avsetjing for forpliktingar		35 900 183	48 823 404
ANNA LANGSIKTIG GJELD			
